



Åseral Idrettslag
4540 Åseral

Årsmøte, Minne kultursenter, onsdag 15. mars 2017 kl. 18:00



Frå dametrimmen den nye Møykjeplassen, 9.05.16. Foto: Eva Haugland Åsland

Sakliste:

1. Opning v/leiar
2. Godkjenning av sakliste/innkalling
3. Val av dirigent og referent
4. Val av to personar til å skrive under møteprotokollen
5. Årsmelding 2016
- 6.1 Rekneskap 2016
- 6.2 Budsjett 2017
7. Regionalt idrettssamarbeid Audnedal, Hægebostad og Åseral, - 5 idrettslag.

Styret har følgjande innstilling til årsmøtet:

På grunnlag av foreløpig prosjektbeskrivelse datert 08.03.17, er styret positive til eit regionalt idrettssamarbeid mellom nemnde klubbar i Indre bygder. Åseral IL støttar prosjektet med inntil kr 60.000,- fordelt på 2 år. (2017-18.) Dette under føresetnad at dei andre klubbane støttar prosjektet og at totalfinansieringa går i orden

- 8.1 Fastsetjing av medlemskontingent 2017

8.2 Fastsetjing av medlemskontingent 2018

9. **Val 2017**

- a. Hovudstyre, undergrupper og revisorar:
(Innstilling frå valkomiteen leverast ut på årsmøtet)
- b. Val til representantar til Åseral idrettsråd:
Innstilling frå styret: Leiar og styremedlem (1år)
- c. Val av delegat til idrettskretstinget:
Innstilling frå styret: Leiar (1år)
- d. Valkomiteen
Innstilling frå styret: Inger Anda Åsland (2 år) og ? (oppgjes på årsmøte)
- e. Øvrige val for andre representasjonsoppgåver:
Innstilling frå styret:
Styret får fullmakt til å velje representant til:
 - Åseral Frivilligsentral
 - Delprosjekter; «Bortelid – Fjellparadiset nær deg»
 - Byremo Kulturbygg A/S

10. Eventuelt:

- a. Ingen innkomne forslag frå medlemmane.
- b. Forslag frå hovudstyret:
Dei aller fleste idrettslag har ein eller fleire, årlige priser/utmerkingar. Det kan vera «Årets utøver» «Årets trener» Andre utdeler æreets-medlemskap.

All drift og administrasjon blir i ÅIL utført på dugnad. **Mange** personar legg årleg ned ein stor arbeidsinnsats utan nokon form for godtgjersle. Dette er ein tradisjon styre ynskjer å behalde, og som ein liten ekstra takk for denne innsatsen, foreslår styret at vi innfører ein pris med namn «**Året dugnadsskjel**» Intensjonen med denne prisen er at styret vurderer kandidatar og i utgangspunktet deler den ut årleg. Alle medlemmar av idrettslaget kan og sende inn forslag til styret til verdige kandidatar.

Styret innstiller med dette at ovan for nemnte pris innføres og at Årets dugnadspris, 2016, deles ut til Maik Hårtveit.

Årsmelding Åseral idrettslag 2016

Styret hadde i 2016 slik samansetting:

Jan Oddvar Lineikro (leiar), Kari Røynlid, Kai-Tore Øyulvstad og Tove Utengen (sekretær). I tillegg har Bernt Elias Åsland (leiar vintergruppa), Kristine Forgard (leiar sommargruppa), Renee Stanes (leiar fotballgruppa) og Øyvinn Moltumyr (leiar hallgruppa) vore ein del av styret.

Styret har i 2016 hatt 6 møte, i tillegg til årsmøte og arbeids- og informasjonsmøte for nytt styre.

Åseral Idrettslag har ved leiar i tillegg representert idrettslaget i Åseral Idrettsråd, samt fleire andre styrer/prosjekt, synar her til eigen omtale i årsmeldinga. Leiar av laget, Jan O fekk for sitt breie engasjement for idretten, tildelt av Friidrettskretsen årets pris som årets leder/trener.

Medlemar 2016:

Åseral idrettslag gjekk i 2016 over til nytt system for medlemshandtering, etter krav frå Noregs Idrettsforbund. Den nye tenesta gjer at medlem kan få faktura på e-post eller på ei innloggingsside som heiter **Min Idrett**. Min Idrett er svært enkel å bruke, og Idrettsforbundet har ein eigen supporttelefon alle medlem i idrettslag kan ringe dersom dei treng hjelp. Du kan og generere medlemskort via tenesta Min Idrett.

Fordi mange av e-post adressene me hadde i vårt register var utdaterte, var det antakeleg mange som ikkje fekk faktura for 2016. No skal mykje av dette vere oppdatert. Men mottar du likevel ikkje faktura frå oss, så ta kontakt.

Aktivitetar 2016:

I tillegg til dei aktivitetane som er omtala i årsmeldingane til undergruppene har Åseral idrettslag har i 2016 organisert følgjande faste aktivitetar:

Dame- og herretrim, friidrett, volleyball, fotball, fredagsbading, friskus og skirenn.

Fotballgruppa arrangerte Tines Fotballskule i juni og romjuls cup i futsal i desember.

Vintergruppa utvida sin faste familiedag på skiskyttararenaen

og inviterte med alle innvandrarane på langrennskurs og

sommargruppa hadde sin årlege klatredag.

Elles har idrettslaget vore med og arrangert

Bortelid Triathlon og skirennen Bortebeineren

i samarbeid med Bortelid Skisenter.

Det visast elles til eigne årsmeldingar frå undergruppene.



Joleavslutning dametrimmen 19.12.16

Rekneskap 2016. (Jfr sak 6.1)

Årsrekneskapet til ÅIL er revidert og synar for 2016 eit overskot på kr. 94.845,-.

Budsjettet for 2016 var at drifta skulle gå i null. Årsaken til at vi har fått eit så stort overskot er i fyrste omgang at det ikkje var eit seniorlag i fotball som deltok i serien. Dette er ein besparing på ca 60.000,- Lagets eigenkapital pr 30.12.16 var kr 978.035,- Dette er svært bra men styret vil presisera at deler av beløpet er ikkje likvide midlar. Eigenandelar i Byremo Kulturbygg, tråkkemaskin etc.

Ein stor takk til Hilde Stuestøl Berg som har fungert som kasserar, ikkje vald men påtok seg arbeidsoppgåva av rein goodwill.

Styret innstiller på at framlagte rekneskap blir tatt til etterretning/ godkjendes av årsmøtet

Budsjett 2017 (Jfr sak 6.2)

Som i fjor, har ikkje hovedstyret laga noko detaljbudsjett, men innstiller på at **drifta** også i årskal gå i null, kr 0,- Styret påpeiker at det i dei komande åra ligg store kostnader/utgifter. Nemner her kjende investeringsprosjekt; Bortelid skiarena, nytt trening- styrkerom, nytt adm. bygg i forbindelse med fotballbanen. Styret lager nytt totalbudsjett ut frå denne ramma og dei nye undergruppene utarbeidar egne detaljbudsjett. Dette legges så ut på laget heimeside.

Styrets innstilling; Årsmøte godkjenner styret ramme og foreslåtte arbeidsmåte.

Regionalt idrettssamarbeid, indre bygder (Jfr sak 7)

Styret v/ leder har til no deltatt på 4 møter saman med leiinga i klubbane Eiken, Hægebostad, Grindheim, Konsmo. Planarbeidet er utført i samarbeid med Vest Agder Idrettskrets, som kallar det eit pioner-prosjekt. Alle laga er like, fleiridrettslag, og målsetjinga er å få ansatt ein person i 50% stilling, som kan ta seg av ein del felles administrative rutinar. Nemner her utarbeiding av årshjule, kurs og kompetanseheving, ulike søknader, mva-refusjon, etc.

Alle klubbane er positivt, dei tre involverte kommunane er orientert, men alle klubbane er samde i at kvar enkelt klubb skal bestå som i dag.

Styrets innstilling står under sakliste,- positive til tiltaket.

Fastsetjing av medlemskontingent

Det viser seg at praksis for innkrevjing av årskontingent og vedtak om «året» kontingent, har vore praktisert ulik i idrettslaga. Etter at styre har undersøkt med idrettsforbund og krets har vi skrifteleg fått bekrefta kva som er rett etter gjeldande regelverk.

Kortversjon; Medlemskontingenten for 2018 skal vedtakast av årsmøte i 2017» For å koma inn i rett rutine blir vi dermed nøydte til å gjera to vedtak i år. Eventuelle spørsmål, meir utfyllande opplysningar, kan bli gitt på årsmøtet.

Kontingent 2017 (Jfr sak 8.1)

Innstilling frå styret:

| | |
|---------|--------------|
| Born | kr. 150,- * |
| Vaksne | kr. 350,- |
| Familie | kr. 800,- |
| Senior | kr. 150,- ** |

*Kontingent for born gjeld fram til og med fylte 17 år.

**Alder for seniormedlem er det året personen fyller 65 år.

- Ut over ordinær medlemskontingent får styret fullmakt til å eventuelt innføre treningsavgift for aktivitet i undergruppene.

Kontingent 2018 (Jfr sak 8.2)

Styret innstiller:

Styret innstiller på å behalde den same kontingenten med tilhøyrande fotnoter, som foreslått ovanfor også for 2018.

Tilskot og stipend:

Idrettslaget har i år ikkje gjett stipend til enkeltutøverar, men ut betalte eit tilskot på 10.000,- til Grindheim ILs damelag i handball for 2016. (Her har ÅIL fleire aktive spelarar)

Dugnadsarbeid og anlegg

Skuleområde:

ÅIL inngjekk i 2012 ein avtale med Åseral kommune om å bidra med 1,5 mill kroner i dugnad/kapital, samt utføra driftstiltak for ein verdi av kr 500.000,- Bidraget vart øyremarka til ulike aktivitetsanlegg i Bordalen. Då det etter kvart viste seg praktisk vanskeleg å få utført nok dugnadsarbeid, overførte ÅIL i fjor 2015, kroner 300.000,- til Åseral kommune.

«Skuleprosjekta» Idrettsparken, lagerbygg, Møykjeplassen og fleire av dei andre delprosjekta er ferdigstilte. Men arbeida og dugnaden er ikkje fullstendig ferdig. I tillegg til diverse småarbeider skal det sommaren 2017 byggast ein aktivitets-paviljong samt etablerast ein dekkjungel.

Når desse tiltaka er ferdige reiknar hovudstyret med at vi har klart å overhalda avtalen med kommunen!

Laget utførte i 2016 dugnadsarbeide for nesten 12 mill. Ei stor takk til alle som har bidrege så langt!

I løpet av hausten har og idrettslaget skaffa til veie ei ny kioskbu. Ein container som blir sponsa av Tom Stulien, ein spesiell takk til han!

Andre dugnadsprosjekt:

Styret vil nemne og takke for godt utført dugnadsarbeid ved følgjande prosjekt:

- Rydding av lysløypa (Bernt E. med mannskap)
- Rydding/hogst, bustadfelt Kylland (Frank, Jan Arild med mannskap)
- Rydding av «Gamle Byvegen» - FLIR. (Kai Tore)
- Slodding av fotballbane, rydding inne og ute, med mykje meir (Maik med mannskap)

Styrkerom:

Hovedstyret har i løpet tatt initiativ til til eit samarbeid om å få eit større og betre trening lokale.

ÅIL, samt representantar frå Fysiterapi'en, Frivilligsentralen, MentalHelse og intergreringskonsulenten har hatt felle møte og befaring. Alle er einige om at dagens lokale er for små og med dårleg luftkvalitet. Fleiere alternative plasseringar for eit nytt lokale blei vurdert. Dei nemnde aktørane har skrevet feles brev til kommunen, der vi ber om eit møte og med forslag om at delar av dagens bibliotek kan nyttas som nytt styrke-trening og spinningrom. Ved denne lokaliseringa vil ein og få ein større sambruk, felles utnytting av apparater, mellom dei ulike brukergruppene og fysioterapi. Dette er eit viktig tiltak for ordinær trening, folkehelsa generelt og integrering spesielt.

I denne samanhengen kan nemnas at idrettslaget har fått kjøpt ulike, fint bruke, treningsapparat, blant anna 15 spinningssyklar frå treningssenteret i Otrahallen. Utstyr som nytt hadde kost 200 til 300.000,- har vi fått for under en tiandedel av prisen

Samarbeidsavtale med Intersport Evje:

Åseral idrettslag har samarbeidsavtale med Intersport Evje AS.

Medlemer får dermed rabatt på diverse sportsartiklar på Intersport Evje. Sjå vår heimeside for detaljert informasjon om rabattane. Avtalen blei reforhandla i 2015. Medlemskort må framvisast ved slike rabatterte kjøp. I tillegg får medlemer 15 % på varer hos Løplabbet. Medlemskort laster du ned i Min Idrett.

www.aail.no/Facebook:

Me jobbar heile tida for at heimesida til ein kvar tid skal ha oppdatert og relevant informasjon. Styret og undergruppene har ansvar for å publisere sine ting. Dersom du som brukar saknar informasjon, så ta kontakt med oss. Følg oss også på Facebook, for enkel, tilgjengeleg og rask informasjonskanal.

Grasrotandelen:

Åseral idrettslag er registrert i Frivillighetsregisteret og deltek dermed i Grasrotandelen.

Det totale genererte beløpet i løpet av året 2016 vart 30.276,-. Ein liten nedgang frå 2015.

Politiattest:

Trenarar, instruktørar og lagleiarar med eit tillits- eller ansvarsforhold overfor mindreårige eller menneske med utviklingshemming er pliktig til å innhente og framvise politiattest. Gruppeleiarane har ansvar for å sjekke at dette blir gjort når nye trenarar byrjar. Sekretær har i 2016 administrert ordninga.

Sponsoravtaler og tilskot:

Sponsoravtalen med Sparebanken Sør gjekk ut i desember 2016. Inga ny avtale om hovudsponsorskap vart etablert. Dette blir ein jobb for det nye styret.

ÅIL fekk i 2016 eit tilskot på 20.000,- frå NIFs Flyktningefond for aktivitet og innsats for innvandrarane.

Bortelid ski-arena:

Åseral idrettslag sit som eigar av eit unikt skiskyttaranlegg på Bortelid.

Bortelid Anlegg og Arrangement (BAA) drivast av seks idrettslag og leiger Bortelid Ski-arena av ÅIL.

ÅIL søkte og fekk spelemidlar til tidtakarutstyret kjøpt inn i 2014.

ÅIL forskoterte desse midlane for BAA, som vart ståande som eit privat lån.

Totalkostnad inklusiv dugnad var på kr. 134.450,-. Bokført gjeld per 31.12.16

etter at tilskot og MVA-refusjon er trekt frå er 81.106,-.

Idrettslaget vil arbeida vidare med å utvikle anlegget på Bortelid saman med samarbeidspartnarar.



Skiskyttararenaen på Bortelid.

Fredagsbadinga:

Åseral idrettslag administrer ordninga og tek årleg imot ein sum frå Åseral kommune på dette. I 2015 vart denne indeksjustert til kr. 27.567,-.

Det stillast krav til badevaktene om å deltaka på livredningskurs. Dersom meir enn 12 månader har gått sidan den einskilde hadde kurs sist, må nytt kurs gjennomførast. Livredningskurs blir annonsert samstundes som vaktene fordelast. Kursa blir halde på hausten. Badingar der inga av badevaktene har delteke på livredningskurs, blir avlyst. Synar elles til årsmelding frå Hallgruppa.

Ljosløype Kyrkjebygd:

Åseral idrettslag har ansvar for og tek kostnadane for oppkøyring av Ljosløypa. Åseral kommune gjev eit årleg tilskot på dette på kr. 25.000,-.

Representasjonar:

Åseral idrettslag eig 17 % av aksjekapitalen i Byremo Kulturbygg. Leiar er medlem av styret i Byremo Kulturbygg og møter på generalforsamling. Leiar representerer og Idrettslaget i prosjektgruppa «Bortelid, fjellparadiset nær deg» og sit i styret i Åseral Frivilligsentral.

Takk:

Åseral idrettslag takkar trenarane og leiarane i dei ulike aktivitetane, alle som har delteke på dugnad av ulike slag, badevakter og ikkje minst alle deltakarane som stiller opp på våre treningar og arrangement.



Frå romjulsturnering i futsal 28.12.16 i Fleirbrukshallen.



Idrettsmerkekveld på Åseral Idrettspark 30.8.17

Åseral, mars 2017

Jan Oddvar Lineikro (sign.)

Kari Røynlid (sign.)

Kai-Tore Øyulvstad (sign.)

Tove Utengen (sign.)

ÅRSMELDING FOR VINTERGRUPPA I 2016 TIL OG MED JANUAR 2017

Eirin Åsland, Åshild Moi Aasland, Anita Kvåle og Tore Forgard (ungdomsrepresentant)

Karusellrenn

Åshild Moi Aasland, Anita Kvåle, Tore Forgard, Eirin Åsland, Bernt Elias Åsland og Jon Stian Arnesen

På grunn av lite snø i Kyrkjebygda vart det fyrste karusellrennet, 11. januar, arrangert på Bortelid. Vidare vart dei tre neste renna i Ljosløypa i bygda, mens dei to siste renna igjen måtte arrangerast på Bortelid grunna snømangel i Kyrkjebygda. Siste karusellrennet, som og var klubbmeisterskap, var arrangert 15. februar. Det var i alt seks karusellrenn.

Bygdestafett var planlagt sundag 21. februar, og i år kontakta me både Bortelid, Ljosland og Eikerapen for å kunne reklamere og invitere hyttefolket til stafetten. Med ønska at laga skulle kle seg ut i kostymer, sjølv om det ikkje var obligatorisk. Sjølv med ekstra fokus på reklamen var det kun eit påmeldt lag (åsdølar), slik at bygdestafetten vart avlyst.



Oppmøte på karusellrenna har vore frå 38 til 69 deltakarar, her i alt 87 personar har delteke på karusellrenn. Oppmøte på renna var for det mest born opp til 15 år, to sekstenåringar og to vaksne.

Det har vore kiosk på alle renna. Kiosken har vore flittig brukt, og det har vore mykje sal av brus, kakao, pølser og små sjokoladar. Då renna har vore på Bortelid har Lasse Liestøl heldt oppe kiosken i varmestova, samt skibandet som alle har kunna nytte gratis. I tillegg har Lennart Reiersdal køyrt løypene for oss på Bortelid. Me takkar dykk hjarteleg begge to! Me bestilte og nye startnummer i år av Telenorkarusellen, her me takkar Sparebanken Sør som sponso 5.000 kr for trykking av sponsorlogo.

Premieutdeling til karusellrenna og klubbmeisterskapet er lagt til same dag som årsmøte, 31. mars, for å igjen prøve å få fleire folk til å delta på årsmøtet.

Skiskyting

13. mars var det familiedag på skiskyting i samarbeid med Nils og Ragnhild Aurebekk. 14 born var med på opplegget, her fem av borna var hytteturister. På same tid var 13 av innvandrane som er busett i Åseral med på kurs i langrenn. Til slutt var det felles pause med grilling av pylser.

Januar 2017

Året har starta med lite snø, men i skrivande stund er 3 av 6 karusellrenn avvikla på Bortelid. Trass ein snøfattig vinter så langt har ein hatt ca. 50 deltakarar med kvar gong. Løypene på Bortelid er fine og det er god stemning på renna. Varmestova og kiosken er open kvar gong.

For utan karusellrenna, der siste renn er klubbmeisterskap, planlegg vintergruppa ein aktivitetsdag med skiskyting på Bortelid søndag i veke 8. Aktivitetsdagen vert planlagt i samarbeid med Oddersjå (Nils og Ragnhild Aurebekk) og integreringskonsulenten i Åseral kommune.

Etter erfaringar frå sist sesong vert bygdestafetten avlyst. Vintergruppa vurderer andre type arrangement.

Vintergruppa, Eirin Åsland (2015/16) og Bernt Elias Åsland (2016/17)



ÅRSMELDING FOR SOMMERGRUPPA 2016



Gruppekontakt: Kristine Forgard

Gruppemedlemmer: Nina Ludwig, Oddvar Austegard, Jørn Haug trener friidrettsgruppa.

Kva har vi gjort i 2016?

Foredrag «Norge på langs i etappar»: Vi startet året med et inspirasjons foredrag fra Engebret Grøthe, som går Norge på langs i etapper. Han fortalte om etappen Kristiansand-Hemsedal, og Hemsedal-Trondheim. Mellom 60-70 mennesker deltok på foredraget. Det ble servert frukt og kjeks + kakao. God stemning og ønske om flerle sportslige foredrag.

Klatresøndag: En familiesøndag med klatring for alle aldre, på Bortelid. Ca 15 stykk møtte opp, og Nina, Matthias og Oddvar stilte som klatreinstruktører i fjellveggar dei sjølv har laga til sikring i. Tove hjalp til. Veldig populært! Fleire ville gjerne ha fleire slike klatresøndager.

«Torsdagstur for deg»: Her hadde me gåtur for alle kvar torsdag i september (5 stk), samt tre torsdagar i juni. Dette skal vere eit tilbud for alle- der vi skulle nye og gamle løyper og veger kva gong- for også å bli litt bedre kjent med bygda og Åseral. Turene var i år også annonsert i FLIR sin katalog «Naturlos» -og dette medførte fleire deltakerar. Tilbudet har vore svært populært! Det kom mange forskjellige kvar gong, flest damer, men også nokre gå menn og born. Det møtte opp mellom 9-47 stykk kvar gong, med eit snitt på ca 20. Håper på å få med enda fleire når me starter opp att til våren (juni). I år (2017) skal me starte i to puljer, slik at dei som ønsker å gå roligere kan starte litt før. Nokon har påpeika at turene er litt vel harde. Dei som var med på 7 av 8 turer vant tights, og dette var svært motiverande for mange av deltakarane.

Turer me gjekk i år: Snøfjedd, Arenevet, Skoræ, «Varen» på Smeland, Eikerapen-tur, Lakkenstova, Glomsdalsfjedd og Sjøvassknuten.

Nissemarsj: Turen gjekk frå Minne rundt Nordstova og tilbake til Rådhuset. I Nordstova hadde Olav Åsland tent opp bålpanna, og fortalde om merkelige hendingar på garden, og at han kanskje trudde det var nissen som sneik rundt. Borna måtte rope nissen ut av låven, og sannelig kom han ikkje og.. med ei lita gåva til kvar av dei små borna. Det blei også song ved låven. Vel tilbake på Minne fekk alle medaljer for gjennomført marsj, heimelaga kakao, pølser på bål, julemusikk, pepperkaker, kake og boller. . Det var ca. 120 oppmøtte. Veldig gøy!

Idrettsmerket: Det blei organisert idrettsmerke-kveld i august, der det møtte 7 vaksne og 11 born. Ei lita auke frå året før. Her kunne ein ta det originale merket, eller merket for born. Det var gratis varm drikke og bollar denne kvelden. 2 av borna klarte bronsemerket og har fått dette tildelt+ diplom. 5 av dei vaksne greide krava til merket. Me prøver oss att til hausten. Dei som deltek kosar seg.

Friidrettstrening for born 9-13 år: Friidrettsgruppa har hatt ei trening i veka for aldersgruppa 9 - 13 år. Tal deltakarar har variert frå 5 til 10. Fram til haustferien har vi nytta anlegget ute. I vinterhalvåret har vi vore i gymsalen. I august var det høve til å ta idrettsmerke, mange deltok på dette. Vi har og vitja Otra IL og vore med på ei friidrettstrening der. Så langt har vi ikkje delteke på friidrettsstemner. Det må vera ei målsetting for 2017.

Representantar frå Vest Agder Friidrettskrets har vore på fleire besøk/treningar. Dei skryt av anlegget vårt og ynskjer sterk at vi i løpet av sommaren, kan arrangere eit enkelt friidrettsstevne for dei yngste. Dei vil då kome å hjelpe oss med marknadsføring og administrasjon av arrangementet.

Bortelid Triatlon: Eit flott arrangement med 17 påmeldte enkeltstarter, 4 lag og 3 på barnetriathlon. Kristiansand triathlonklubb stilte med fleire medlemmar, og var imponert over arrangementet.

Her finn du følgende distansar:

Symjing – Ca700m / Sykling –Ca 25,5 km (asfalt, grus og terreng) / Løping: 7 km (asfalt og terreng)

Mål til neste år: meir reklame for arrangementet.

Ein ny trend er også at fleire hyttebebuarar besøker idrettsanlegget vårt, ofte på fredagskveldar, på veg til hytta. Dette ser vi svært positivt på og vi vil prøve å utvikle eit samarbeid med hyttefolket, der det finst mange resurs-personar.

Kristine Forgard, leiar sommergruppa

ÅRSMELDING FOR BALLGRUPPA I ÅSERAL IDRETTLAG

Idrettslaget har i året 2016 hatt ca. 70 aktive spillere fordelt på 5 lag. De minste har deltatt i Bygdeserien og de to 16-års lagene har deltatt i vanlig serie.

I tillegg har flere av lagene deltatt på Byremo-cup og Ting-cup.

Det har vært mange gode resultater i både serie og cup, og alle lag har hatt stor fremgang både som lag og enkeltspillere. Rundt alle lagene er det engasjerte foreldre, som bidrar med kjøring, bidrar som trenere og til deltar i annet dugnadsarbeid.

Neste år vil det dessverre ikke være mulig for oss å stille lag for hverken jenter eller gutter i 16 års-klassen, da vi har for få spillere. Vi gjorde også et forsøk for å få startet et A- lag igjen, men interessen er dessverre for liten.

FOTBALLSKOLEN

I år arrangerte vi fotballskolen for tredje gang, og nok en gang satte vi deltagerrekord. Hele 69 deltagere møtte opp i juni. Det gledelig er også at alle instruktørene i år var bygdas egen ungdom. Fotballskolen vil fortsatt være et satsningsområde for fotballgruppa, og vi håper på ny deltager rekord igjen sommeren 2017.



At vi har lykket med fotballskolen er tydelig, for i januar 2016 ble vi kåret til Agders beste fotballskole for 2015. For dette ble vi av Norges Fotballforbund overrakt 2 oppslagsbare mål og diplom ved en tilstelning i Flerbrukshallen.



FOTBALLTUR TIL START KAMP

I september hadde vi tur for spillere til Start-kamp i Kristiansand. Dette har vært noe som klubben har arrangert årlig, og i år deltok ca. 20 stk. Her hadde vi og med oss fleire av våre nye landsmenn, eit godt integreringstiltak.

AVSLUTNING OG PREMIEUTDELING

I november hadde vi felles avslutning for alle lag i Åseral fotball. Det møtte opp ca. 100 stk., spillere, trenere og foreldre. Her ble det servert pizza, kaker, saft og kaffe. De ulike trenerne fikk si litt om sitt lag, og alle fikk premier. Vi kommer til å fortsette med denne typen avslutning i årene som kommer.

ROMJULSCUP

28. desember arrangerte vi Romjuls cup i Flerbrukshallen for tredje året på rad. 15 lag var påmeldt. Lagene var fordelt med ca. halvparten fra bygda og halvparten utenfra. Et lag fra Slettheia gikk til topps i turneringen. Dette ønsker vi skal være et årlig arrangement, og håper på enda flere lag til neste år.

FOTBALLHÅNDBOK

I 2016 fikk vi lagd en håndbok for fotballen i Åseral Idrettslag. Denne skal fungere som en informasjonsbok for trenere, foreldre, foreldrekontakter og aktive fotballspillere i idrettslaget.

JENTER 16 v/ Nina

2016 har vært jente-fotballens år for ÅIL, lenge siden interessen og engasjementet har vært så stor.

I begynnelsen av året var spillere med på å legge en plan for året og vi satsa hardt på individuell utvikling, samspill i laget og samtidig fokus på å øke intensiteten i treninga. Nina, Jan Oddvar og Elisabeth bytta på treningene og Sven Otto Birkeland var med innimellom for å ha fokus på de grunnleggende ferdighetene og øvelser i "teknikkmerke". Varierte treninger har også hatt positiv effekt på spillerne. Fra Mai og ut året var det stor fokus på skadeforebygging, slitasje ved feiltrening og vi brukte spilleklar øvelser fra skadefri.no opplegget, bra og enkelt opplegg for å sjå den enkeltes utvikling.

Jenter 16 var påmeldt i serien og vi var veldig usikre på hvordan vi lå an, vårsesongen var ujevn. Vi hadde store utfordringer i forsvarsspill og dette jobba vi hardt med! Dette gav resultater i høstsesongen og vi vant puljen. Vi var også flytta over i ei jevnere pulje og merka veldig på spillerne at dette var motiverende.

Vi har hatt treningskamper mot Valle og deltok også på Valle Cup i September. Noen få spillere deltok på Express jentefotballskole på Fevik med instruktører som Monica Knudsen og Hege Riise.

Kenneth Haddeland overtok trenerjobben i november. Dessverre ser det ut som aktiviteten i vinter har blitt mindre, blant anna har vi fått konkurranse frå håndballen. Men håndball er og positivt og moro. Vi har hatt ein del utfordringar når det gjeld kvaliteten på dommarar. Trenerane oppfordra klubben til å ha større fokus på dette og ha dommarutvikling som satsingsområde neste år!

GUTTER 16 v/ Jan Oddvar

I september 2015 tok Jan Oddvar Lineikro over treneransvaret for G-16. Etter ein vinter med trening inne i fleirbrukshallen, med mykje brøling frå trenaren og litt « lure seg sjølv holdning» frå spelerane, begynte spelet å ta form.

Vi meldte på serielag i gruppe to, 16 stk spelerar blei innmeldt og aldergruppa var frå yngstemann, 12 år opp til dispensasjon 17 år. Spelet og fotballkunnskapen auka kolosalt og laget fekk mange gode resultat mot gode motstandarar. Rett og slett, ei utruleg positiv utvikling når det gjeld fotballkvaliteten!

I løpet av sesongen hadde spelergruppa to samlingar med alle foreldra, hensikten med desse var å få ein felles oppfatning av kva eit lag er og gjere kvarandre betre. Etter treninans syn er idretten berre 50% av aktiviteten, den andre halvparten er å utvikle unge menneske til «heil ved» og gode medmenneske.

Dessverre blir det ikkje noko G-16 komande sesong, men ballgruppa vil prøve å gje alle fotballinteressert eit tilbod i være naboklubbar.

Ballgruppa vil til slutt takke spillere, foreldreansvarlige, kioskbetjening, - og alle andre støttespillere for et godt fotballår!

Ein spesiell takk går her til Elling E. Åsland, som i fleire år har vore den store «pylse-sponsoren»

På vegne ballgruppa
Renee C. Stanes

ÅRSMELDING FRÅ HALL-GRUPPA 2016

Hall-gruppa har sidan årsmåte hatt desse medlemmane: Elin Reiersdal, Grete Berås og Øyvin Moltumyr.

Den mest omfattande oppgåva har vore å organisera fredagsbadinga for sesongen 2016-2017 inkludert å koordinera livbergingskurs.

Vi har vidare drøfta trongen for reinhald i strykerommet og organiseringa av dette med reinhaldsleiaren i kommunen.

Elin og Øyvin har delteke på kurs i publisering av stoff på heimesida.

Øyvin har fått henvendingar frå fleire lag og foreiningar om trong for eit større styrkerom. Dette er omtala i årsmeldinga for hovudstyret.

Fleire idrettar og aktivitetar har faste treningstider i hallen.

For hallgruppa

Øyvin Moltumyr

| Nr. | Kontonavn | Hittil i år Beløp | Hittil i fjor Beløp |
|--|--|----------------------|------------------------|
| Salgs- og driftsinntekt | | | |
| 3120 | Salgsinnt. tjenester, innenlands, avg.fri | | |
| 3200 | Inntekt egne stevner | 31 480 | 53 236 |
| 3201 | Inntekter Fotballskole | 60 150 | 51 700 |
| 3401 | Grasrotandel Norsk Tipping | 31 367 | 39 296 |
| 3410 | Tilskudd Åseral kommune/idrettsråd | 30 000 | 140 000 |
| 3441 | Tilskudd idrettsforbundet | 50 901 | 65 363 |
| 3442 | Driftstilskudd Løypekjøring | 25 000 | 25 000 |
| 3450 | Mottatte Gaver/tilskudd fra andre | 20 000 | 24 021 |
| 3451 | Spillemidler | 46 500 | |
| 3901 | Mva kompensasjon Idrettsforbundet | 21 940 | 22 039 |
| 3910 | Sponsorinntekter | 25 500 | 44 000 |
| 3920 | Medlemskontigent | 62 880 | 67 727 |
| 3970 | Dugnadsvirksomhet | 8 625 | 4 750 |
| 3980 | Inntekt badevakt | 16 721 | 12 689 |
| 3981 | Godtgjørelse badevakt | 27 567 | 27 567 |
| | Sum Salgs- og driftsinntekt | 458 631 | 577 388 |
| Varekostnad. | | | |
| 4100 | Deltakelse andre stevner | 15 015 | 12 750 |
| 4110 | Transport andre stevner | 4 562 | |
| 4200 | Utgifter egne stevner | 13 234 | 35 062 |
| 4201 | Utgifter Fotballskole | 45 805 | 39 823 |
| 4210 | Premier egne stevner | 23 166 | 11 664 |
| 4340 | Utlegg for viderefakturering | 6 759 | 6 624 |
